

Minne fra kvensk oppvekstmiljø i 1920-30-åra. Åge Soini frå Skibotn fortel

Av Reidun Mellem

Litt om kvenane sine kår

Dei «harde 30åra» var vanskelige år for kvenbefolkninga her nord. Fra mitt eige oppvekstmiljø - Nord-Troms - har vi tallrike overleveringar av historier om maktovergrep fra myndigheitene si side. Liknande hendingar blir også fortalt fra andre kvenbygder. Redsla for «den finske fare» - at folk fra kvenområda ved gitt høve kunne tenkes å gå saman med Finland - og tanken om at det innom desse kvensktalande gruppene sikkert fantes både spionar og smuglarar, gjorde at styresmaktene sine representantar var ekstra årvakne, især overfor dei relativt «nye» innflyttarane som enno hadde finsk statsborgarskap.

Heime i Storfjord visste folk å fortelje om mange merkverdige hendingar som skulle ha foregått i 1920-30-åra. Her er nokre døme på det:

- at finske statsborgarar blei pressa ut av landet, tilbake til Finland, med kone og barneflokk
- at militære befalingsmenn fra kvendistrikta ikkje fikk ha kommandoen over kvenske ungdommar på eksersisen
- at folk som ville kjøpe jord måtte ha norsk etternamn og dessutan vise at dei beherska norsk språk
- at oppsittaren på Statens Fjellstue i Skibotndalen miste stilling og boplass for seg og familien fordi han tillot finsk og kvensk språk bli brukt der - i samtalar og i gjesteboka
- at panserskipa «Norge» og «Eidsvoll» på tur nedover

fra Finnmark kom innover Lyngen, ankra opp utanfor Skibotn og let mannskapa marsjere gjennom den lille bygda med gevær på akslene - korfor?

Det meste av dette er munnlege overleveringar og såleis rekna for å vere mindre truverdige. Systematisk forskning av kvenane sine kår gjennom tidene kunne ha gitt svar på mange spørsmål. Det ser det ikkje ut for at vi kan få. Organisasjonen vår - Norske Kveners Forbund/Ruijan Kveeniliitto - som blei stifta i 1987, har fleire gonger tatt dette opp med den politiske leiinga i landet, serleg etter at Norge i 1998 underteikna «Europarådets rammekonvensjon for nasjonale minoritetar». Ein NOU til Stortinget er det vi har bede om - så langt utan positiv respons.

I seinare år er viktige delar av fortida vår blitt - og blir - løfta fram gjennom forskning ved Universitetet i Tromsø, men på svært mange område står vi enno med bare sparsame munnlege overleveringar - om noko i det heile tatt. Ytterst sparsame - fordi folk i mange tilfelle ikkje har villa snakke om slikt - ikkje villa fortelje kva dei hadde opplevd. Korfor? Dei har kjent det som ei stor skam - deires eiga skam - i tillegg til at det enno opp i våre dagar har eksistert ei viss frykt for myndigheitene og deires eventuelle reaksjon på slik informering. At dei undertrykte tar på seg skamma for skammeleg behandling dei har vore utsette for, det er inga nyheit. Men også dette har dessverre vore med på

å stenge for informasjonen til nye generasjonar. Eit slikt overgrep skal vi ta fram og omtale her.

Finnlendaren Janne Soini og familien hans

Åge Mathias Soini, yngste sonen i familien, blei fødd på Skibotn i Storfjord i 1927. Han kunne bare så vidt hugse far sin, for han var ikkje meir enn knapt tre år gammal då faren måtte forlate landet, forlate kona og barneflokken på sju: Richard, Mary, Gunnar, Anna, Alfred, Åge og Ingrid. Yngstebarnet var då ikkje meir enn årsgammalt.

Det var omkring 1915 at den unge Johan Evert Soini, til dagleg kalt Janne - kom over grensa for å søke arbeid. Han hørte heime i Kuivaniemi, omlag fire mil fra byen

Oulu i Nord-Finland. Han var fødd i 1890 og voks opp i ein søskenflokk på seks. Jordbruk og skogsdrift var levebrødet for familien, og på gården hadde dei 2 hestar til hjelp i arbeidet. I Finland var det den gongen dårlige tider. Lite arbeid var å finne for dei unge. Dei fleste måtte ut for å skaffe seg ein jobb, og då var det ganske vanlig å legge vegen nordover til Ishavskysten - til Ruija. Dei store fiskeria her oppe kunne tilby arbeidsplass på både land og hav. Store grupper fra Finland og finsktalande Tornedalen hadde gjennom dei siste par hundreåra slått seg til her nord ved havet - dreiv jordbruk, skogbruk, fiske og fangst - og mange var også å finne ved koppargruvene i Alta. Språkproblem eksisterte ikkje. Finsk og kvensk rådde grunnen - i arbeidsliv og handel som i kvenheimane.


Janne Soini



Janne fikk seg arbeid på Skibotn. Han tok det som var å få: lossing og lasting av båtar, varetransport med hest, husbygging. Fiske trivdes han trulig ikkje med - i allefall heldt han seg unna det. I ungdomsflokken her fann han ho som skulle bli kona hans, ho Sandra Elisabeth Abrahamsdatter Lambela. Ho var fødd i 1895 - som ein av åtte søsken. Den 28. mai 1917 gifta dei seg, ikkje i soknekjerka i Lyngen, men i Tromsøysund-kjerka, som den gongen stod utafor bygrensa på Tromsøya og blei kalt for Landskjerka.

Så måtte dei få seg ein heim. Han Janne kunne tømre hus, men nok pengar til kjøp av materiale hadde han ikkje. Ein av onklane til ho Sandra lånte dei velvillig det som mangla, og så kunne dei gå i gang med byggearbeidet. Sentralt i bygda låg tomte deires, like ved sida av læstadianarane sitt bedehus. Fjøs og stall blei det også råd med etter kvart. Og snart kom det småfolk i huset - ein riktig stor familie blei det etter som åra gikk, slik det vanligvis var rundt om i heimane den gongen.

III. Leidulf Olsrud



Og familien klarte seg bra. Janne hadde fått fast kjørebjobb hos handelsmann Johan Beck, og då ville det vere mest lønnsomt å stille med eigen hest. Han Janne visste råd for det. Han drog over til Kuivaniemi og fikk med seg den eine hesten derifra tilbake til Skibotn. Han lydde namnet Pentta. Stor og kraftig var han - og seig til å trekke. Han kunne ta større lass enn det dei nette, små Lyngs-hestane kunne greie, og det fikk sitt å bety når betalinga blei rekna ut etter vekta, slik det blei gjort under første verdskrigen - då 8 000 tonn russisk krigsutstyr blei kjørt på hestesleder fra Skibotn oppover dalen og over fjellviddene fram til Silas, ein mils veg inn i Finland.* Men stor nok slåttemark hadde familien ikkje, så dei måtte sanke før til hesten på skogslåttar og elles rundt om i utmarka.

Uønska i Norge

Dei første signala om uønska opphald i Norge gjaldt hesten: den finske hesten måtte sendes tilbake dit han hørte heime - til Finland. Det var krefter i nærmiljøet som målbar dette. Under transportperioden 1916-18 hadde Generalstabens Etterretningskontor heile tida ein mann på Skibotn som regelmessig sendte inn rapport om det som foregikk der. Størstedelen av tida var det sersjant Hansen som stod for dette. Han var sjølv fra Skibotn og forstod derfor det språket som transportarbeidarane brukte seg i mellom. Generalstaben var opptatt av «den finske fare» og dessutan av risikoen for eventuell spionasje for framand makt. Derfor var det viktig for dei å kunne følgje med i det som foregikk her oppe.**

I denne perioden foregikk det også ei viss smugling over til Finland og Sverige av varer som den gongen var billigare i Norge - slik som kaffe, sukker, margarin,

mel. Dei norske tollarane stod hardt på for å oppspore desse hemmelige transportane.*** To av tollarane var fra Skibotn, stasjonssjefen Einar Georgsen og assistenten Aksel Seppola. Dei var lite glade for denne smuglartrafikken - trulig også fordi det var så vanskelig å få fatt i utøvarane. Dei hadde sine egne vegar over viddene - i trygg avstand fra tollkontrollen.

Desse to karane, saman med sersjant Hansen, var det som førte an i ønsket om å utvise den finske hesten. Dei utgjorde den gongen øvrigheitspersonane i bygda. Ikkje lenge etter kom utvisingspåbødet til å omfatta heile familien. Kva som var den eigentlige årsaka kjente han Åge ikkje til, men meinte at tankar om smugling og i verste fall også spionasje kunne ha vore med her. Fleire finske statsborgarar blei pressa tilbake over grensa i denne tida, blir det fortalt. Ein av dei var finnen Liaka og kona hans fra Furufalten i Lyngen. Fra Kåfjord kom det ein familie med barn, kunne Åge fortelje. Dei måtte også dra tilbake til Finland, men først bodde dei nokre veker på Skibotn. Eldre folk i området veit enno om fleire som blei ramma av den same behandlinga og som stilltiande fann seg i det som blei pålagt dei. Fleire namn er nemnde på finske menn som måtte tilbake: Abraham Kotavuopio - gift med Betty Wasmuth fra Kåfjord - Nestor Kultimaa - gift med Marie Fyhn - Palojärvi, som også var gift med ei norsk kvinne. No følgte dei med mennene sine ut av landet. Det var heller ikkje så mye den enkelte kunne stille opp imot slike påbød. Men merkelig er det at noko slikt kunne foregå i bygder der store delar av befolkninga var av kvensk ætt - der kvensk språk framleis rådde grunnen. Kva for krefter var det eigentlig som var på ferde her?

I dette tidsrommet kom det også ut ein del litteratur

med sterk sjikane av kvenar og finnar, romanar som «Illgjerningsmannen» av John Giæver og «Ella» av Jens A. Fris. Det fortel ikkje så lite om stemninga i samfunnet at slike bøker blei bydd fram. No kjem også boka «Finsk fare for Finnmark» av Arthur Ratche, der forfatteren ikkje er i Finnmark, men skildrar forholda i og omkring Skibotn i Troms. Og han avsluttar slik: «Husk statsminister Kolstads ord om fortrenningene i vår historiske erindring! Hvad tapet av Grønland, Island og Færøene - inntil Haager-dommen - avlet av bitterhet i norske sinn, kan vanskelig måles. Enda ondere vil det bli, om vi en dag om en menneskealder eller tidligere skal se deler av Nord-Norge skåret bort fra det norske rikslegeme; der eksisterer en finsk fare for Finnmark.» Kanskje ikkje merkelig at enkelte let seg hisse opp av slike skildringar. Spionmistanke var i allefall retta mot mange i samfunnet her oppe, og myndighetene gikk heller ikkje av vegen for å sensurere post når faren var stor nok, noko til dømes Anton Sommerseth fra Skibotn fikk erfare. Han hadde sendt ein omtale av Kivis bok «Sju brør» til avisene - og der oppmoda folk som kunne språket om å lese boka på originalspråket finsk. Meir skulle det ikkje til den gongen.

På Skibotn auka no presset mot Janne Soini og familien hans. Han skulle tilbake over grensa og ta familien med seg. Men ho Sandra nekta. Ho var norsk statsborgar, og ho ville ikkje reise med heile den store barneflokket til ei usikker framtid i Finland. Dei gav seg på det. Ho og barna fikk bli. Det var han sersjant Hansen som var mest imøtekommande med dette, hadde han Åge hørt. Men faren måtte vekk. Det var ingenting familien kunne gjøre - inga hjelp å hente fra nokon kant. Det var bare å bøye nakken og komme seg i veg. Først drog han tilbake til Kuivaniemi med hesten, og deretter var

det å forlate hus og heim og familie i Skibotn. Dette skjedde omkring 1929, trudde han Åge.

Først la han vegen til Karesuvanto, omlag ti mil innafør finskegrensa. Der bodde han ei tid og dreiv med forefallande arbeid. Men han ville vere nærmare familien sin, så han planla å slå seg til i Kilpis, ei mils veg fra grensa. Her bygde han seg ein gamme ved nedre enden av Kilpisjärvi og dreiv fiske på det store vatnet. Av og til drog han tilbake til Karesuvanto på forskjellige arbeidsoppdrag. Familiefaren prøvde så godt han kunne å skaffe tilskott til mat og klede for barneflokk.

På Skibotn blei det som venta vanskelige tider for ho Sandra og barna. Verst var tanken på at dei trulig kom til å miste heimen sin. Mora kunne slett ikkje greie å betale ned på lånet slik situasjonen no var. Onkelen som hadde lånt pengane til dei var borte, og etterkommarane hans ønska eit snarlig oppgjør, så derfor gikk huset til auksjon. Kjøparen reiv det ned og flytta det heim til seg på den andre sida av Storfjorden, til Rasteby - der det så blei sett opp. Sandra og barna måtte flytte inn hos mor hennes, barnas bestemor, og der vaks dei opp. Ein strid jobb var det å skaffe om bare det aller nødvendigaste til alle, og mange av døgnets timar gikk med til å spinne, strikke, veve, sy og lappe. Alle skulle vere heile og reine - det var kravet i kvenmiljøet. Barnetrygd eller annan offentlig stønad-sordning fantes ikkje, og til fattigkassa ville ingen gå etter hjelp. Det var for skammelig. Så det lille som faren kunne skaffe kom godt med. Ved sidan av lange og tunge arbeidsdagar i heimen så var det dette som hjalp dei igjennom dei første par åra. Og mora greidde å halde familien samla, stort sett. Men ei av

jentene fikk heim i nabobygda Olderdalen, hos folk som brukte å besøke Skibotn på markeda og dei store læstadianarforsamlingane som foregikk der to gonger for året. Og gutane hjalp til så godt dei kunne - gikk tidlig ut i arbeidslivet, tok det som baud seg. Så blei det nokre fleire kroner å rutte med i eit fra før svært stramt budsjett.

Faren kom av og til ned til Skibotn på besøk til familien sin. Men han kunne aldri bli lenge, for han kjente seg nøye overvåka når han var der. Åge kunne godt hugse den siste gongen faren var heime, trulig ein gong i 1931. Då var guten omlag fire år gammal. Ei hending stod klårt for han: faren skulle ta seg ein tur på butikken, og då ville han Åge vere med. Han sprang etter faren og ropte at han måtte vente. Då stansa faren opp, stod og venta på han, opna endå butikkdøra for han og tok han med seg inn. Det var ei slik stor oppleving å få vere med far sin der og då, så det lyste alltid i minnet hans.


Ikkje lenge etter dette begynte faren å plages av sjukdom. Han fikk problem med magen. Og det gikk fort nedover med helsa. Åge hadde hørt det fortalt at faren til sist prøvde å komme seg til sjukestua borte i svensk Karesuando, ti mil unna. Han nådde så langt som til trappa der, så fall han saman. Han døde i september 1932 og blei begravd på kjerkegården på svensk side av grense-elva. Han var bare 42 år gammal. Etterpå fikk familien eit lite bidrag fra den finske staten, ikkje mye, men regelmessig gjennom mange år - ei kjærkommen hjelp i kvardagen.

Åge var bare fem år då han mista far sin. Gjennom oppveksten hadde han hørt svært lite om hendingane

den gongen. Det skulle helst dysses ned. «Det e` ikke nokka å snakke om», sa dei vaksne. Også søskena hans var av same oppfatning. Men sjølv hadde han spurt og samla saman kunnskap om dette, og han kunne aldri glømme den uretten som her blei utøvd over familien hans, heilt utan grunn, slik han såg det. - Eg har aldri møtt nokken som har hatt nokka ondt eller galt å fortelle om far min, sa han. - Han var en arbeidssom slitar - som de fleste andre på den tida. Og familien sin tok han godt vare på, heilt til myndighetan sendte han vekk. Og det skal eg seie - at mor våres, ho fikk streve for å skaffe mat og klea til oss ungan!

Finske statsborgarar i norsk militærtjeneste

Då krigen i 1940 kom til landet vårt, så var Soini-brørne godt på veg til å bli unge menn. Den eldste, han Richard, hadde allereie gjort militærtjenesta og deltok også i kampane på Narvik-fronten. Litt lenger ut i krigsåra rømte to av dei andre over til Sverige, som så mange andre ungdommar, og kom inn i dei norske polititroppane som var i trening der borte. Resten av familien blei brannhausten 1944 evakuert til Vest-erålen, og dit drog også han Åge då han var ferdig med arbeidsoppdraget han hadde i frakttjenesta. No ville også han ta vegen over til Sverige, men tyskarane sitt enormt strenge vakthald langs svenskegrensa gjennom Nordland gjorde at han måtte leite etter ein annan utveg. Fleire av evakueringsskøytene nordfra som hadde kommen seg nedover til Lofoten, valte å gå ut i havet og så sette kursen nordaustover mot den frie delen av Finnmark. Han Åge fikk seg skyss med skøyta «Daltind» av Kåfjord, skippar Hans Dalvik, og etter mange strabasar kom dei fram til Vadsø i slutten av april 1945. Åge kom no med i gruppa av norske soldatar som heldt til der. Etter å ha gjort tjeneste på



Ill. Leidulf Olsrud

Kirkenes og seinare i Porsanger og i Storfjord, så blei han omsider dimittert. Det var den 10. januar 1946. Men militærtjenesta var han enno ikkje ferdig med. I 1947 blei han innkalt og sendt til tjeneste i Tysklandsbrigaden.

Fredsvåren 1945 kom familien tilbake til Skibotn. Bebyggelsen i bygda var nok ramponert av tyskarane, men var heldigvis spart for nedbrenning. No leigde familien seg hus hos han Hans Henriksen. Ikkje lenge etter fikk dei så tak i ei tyskarbrakke som dei reiv ned og bygde hus av - riktignok med tilleggsmaterialar fra skogen, der dei sjølv både hogg tømmer og skar plankar. Til og med ein liten lastebil fikk dei skaffa seg, så arbeidet gikk både fort og greitt. No syntes også mora at dei greidde seg godt. Ho samla saman ungdommane sine og rådførte seg med dei - om dei no kanskje

skulle takke nei til den lille stønaden som dei hadde brukt å få fra Finland. Alle var einige i det, og så blei det gjort.

Nokre år seinare fikk søskena tilsendt eit skjema fra myndighetene - der dei blei oppfordra til å velje om dei ville fortsette med å vere finske statsborgarar - eller om dei no ville velje norsk statsborgarskap. Dette hadde dei aldri visst! Alle var dei fødde her i landet - hadde vakse opp her, deltatt i ansvar og plikter i det norske samfunnet, på alle vis rekna seg for å vere norske. Men på eitt eller anna kontor nede i hovudstaden satt det likevel nokon som heile tida hadde kategorisert dei som finske statsborgarar. Rart då at ikkje også dei var blitt mistenkte for å vere spionar og sendt ut av landet - over grensa til Finland.

No svarte dei slik det var - at dei aldri hadde rekna seg for anna enn norske - at det var det dei fortsatt ville vere. Så blei dette ordna offisielt, korrekt og sterilt. Ikkje eit ord for å innrømme eller beklage dårlig behandling av familien. Ikkje eitt ord. Mye vatn har rent i havet sidan den dagen i 1929 då faren måtte fjerne seg fra heimen og familien. Det kunne ha vore rikelig med tid til både orsaking og oppreising. Rikelig med tid. Ansvarlige myndigheter fikk også oppfordring til det, mellom anna fra Norske Kveners Forbund. Dei valte å vere tause. Valte å ikkje ta ansvar.

Åge Soini blei alltid verande i Skibotn. Då han var ferdig med militærtjenesta, slo han seg ned der og skaffa seg arbeid av forskjellig slag, for det meste med vegbygging og maskinkjøring. Kona si fann han mens han var på vegarbeid i Finnmark, ho Ingrid Guttorm fra Tana. Dei gifta seg i 1959, og overtok seinare huset

etter mor hans. Familien vaks til med åra - med fire døtrer og ein son. Fjøs og husdyr hadde dei også, især sauer. Sjøl gikk Åge meir og meir over til drosjekjøring, og dette arbeidet skjøtta han i heile 13 år, men då måtte han gi seg på grunn av sviktande helse. Åge Soini døde den 25. januar 2005.

(* / ** / ***) Omtalt i boka «Med russisk krigsutstyr gjennom Skibotndalen» - ISBN 82-991755-1-8

Åge Soini

